



Møteprotokoll

Utval:	Eldrerådet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Combisenteret, Fiskå
Dato:	03.02.2026
Tid:	kl 10:00 - 12:00

Frammøtte	Representerer	Funksjon	
Gudbjørn Vik		medlem	
Kjellbjørg Svanfrid Liljedal-Haugen		nestleiar	
Magne Øystein Berge		leiar	
Ragnhild Sande		medlem	
Jorun Ristesund Nystøyl	Frp	medlem	
Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Paul Sindre Vedeld	SP	Lena Marie Landsverk	V

Frå administrasjonen møtte arkivansvarleg Silje Bjørneseth Hellebust, rådgjevar Tone Ekremsæter og kommunalsjef Karoline Lundås.

Møtet vart avslutta 11.25.

Det planlagde besøket til sjukeheimen i etterkant av dette møtet vart utsett til eldrerådsmøtet i april.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/99
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/99
PS 03/26	Orienteringar	26/99
PS 04/26	Referatsaker	26/99
RS 01/26	Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter	25/1134
RS 02/26	Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter - Svar	25/1134
PS 05/26	Eventuelt	26/99

Fiskå, 03.02.2026

Magne Øystein Berge

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Godkjenning av innkalling og sakliste vart godkjent.

Behandling:

Merknad til innkalling og sakliste frå Lena Landsverk: saknar fleire saker til eldrerådet.

Votering

Forslag: **Godkjenning av innkalling og sakliste vert godkjent**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, V 1

Stemmer:

Gudbjørn Vik

Jorun Ristesund Nystøyl (Frp)

Kjellbjørg Svanfrid Liljedal-Haugen

Lena Marie Landsverk (V)

Magne Øystein Berge

Ragnhild Sande

Mot: 0 stemmer (0%)

Godkjenning av innkalling og sakliste vert godkjent

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Møteprotokoll vert godkjent**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, V 1

Stemmer:

Gudbjørn Vik

Jorun Ristesund Nystøyl (Frp)

Kjellbjørg Svanfrid Liljedal-Haugen

Lena Marie Landsverk (V)

Magne Øystein Berge

Ragnhild Sande

Mot: 0 stemmer (0%)

Møteprotokoll vert godkjent.

PS 03/26 Orienteringar

Vedtak:

Framlagde orienteringar vart tekne til vitande.

Behandling:

Kommunalsjef Karoline Lundås orienterte Eldrerådet om følgjande:

- Effektivisering av omstillingsplan I. Det vart retta skryt til dei tilsette og avdelingane for arbeidet som var gjort i 2025 i høve omstillinga.
- Økonomisk situasjon i kommunen.
- Oppstart av arbeidet med omstillingsplan II og nedsetjing av arbeidsgrupper, der det vert lagt til grunn ei innsparing på totalt 13 million.
- Arbeidet med samanslåing av avdeling 2. og 3. på sjukeheimen, samt pausing av 17 langtids plassar.

Framlagde orienteringar vart tekne til vitande.

PS 04/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter
02/26	Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter - Svar

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitande.

Behandling:

Det visast til RS 01/26 og 02/26 - Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter.

Referatsakene vart tekne til vitande.

RS 01/26 Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter

Vedtak:

RS 01/26 og 02/26 Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter vart teke til vitande.

Behandling:

Kommunalsjef Karoline Lundås orienterte og svarte ut spørsmål undervegs.

Beredskap for eldre.

Kommunalsjefen viste til besvarelsen som var sendt ut per brev til Vanylven pensjonistlag og helsekontakten, og la til grunn at kommunen har god kontroll på beredskap til våre tenestemottakarar, og minner om viktigheita av eigenberedskap. Vidare viste kommunalsjefen til at frivilligsentralen skal arrangere frivilligdag for beredskap, samt at dei er i kartleggingsfase av å etablere følgjeteneste for frivillige.

Det kom innspel om at Røde Kors må vere ein viktig del av Vanylven kommune sin beredskapsplan og etterlyser informasjon om næraste kontakter i dei ulike bygdelaga.

Elektrisk rullestol i butikkar.

Kommunalsjefen viste til at det er butikkane sjølve som har ansvaret for universell utforming i sine lokaler.

Det vart reist spørsmål om kommunen kan gå inn med krav eller støtte til utforming av universell utforming i grendahusa. Og viktigheita av universell utforming i dei kommunale byggja vart poengtert.

Det vart kome fram til at det er pensjonistlaget sitt ansvar å gjere det kjent kven som er helsekontaktene i Vanylven kommune, då dette ikkje er noko som er kjent for folk flest.

RS 02/26 Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter - Svar

Vedtak:

RS 01/26 og 02/26 Vanylven Pensjonistlag - Innspel frå helsekontakter vart teke til vitande.

Behandling:

Kommunalsjef Karoline Lundås orienterte og svarte ut spørsmål undervegs.

Beredskap for eldre.

Kommunalsjefen viste til besvarelsen som var sendt ut per brev til Vanylven pensjonistlag og helsekontakten, og la til grunn at kommunen har god kontroll på beredskap til våre tenestemottakarar, og minner om viktigheita av eigenberedskap. Vidare viste kommunalsjefen til at frivilligsentralen skal arrangere frivilligdag for beredskap, samt at dei er i kartleggingsfase av å etablere følgjeteneste for frivillige.

Det kom innspel om at Røde Kors må vere ein viktig del av Vanylven kommune sin beredskapsplan og etterlyser informasjon om næraste kontakter i dei ulike bygdelaga.

Elektrisk rullestol i butikkar.

Kommunalsjefen viste til at det er butikkane sjølve som har ansvaret for universell utforming i sine lokaler.

Det vart reist spørsmål om kommunen kan gå inn med krav eller støtte til utforming av universell utforming i grendahusa. Og viktigheita av universell utforming i dei kommunale bygga vart poengtert.

Det vart kome fram til at det er pensjonistlaget sitt ansvar å gjere det kjent kven som er helsekontaktene i Vanylven kommune, då dette ikkje er noko som er kjent for folk flest.

PS 05/26 Eventuelt

Vedtak:

Behandling:

Det var reist spørsmål om disponering av midlar frå Eldrerådsposten før jul. Her var det i møte før jul sett av kr 10 000 til hukommelsesteamet, og at resten skulle gå til "Trivsel for eldre". Kommunalsjefen svara ut at desse midlane er brukt i samband med arrangement, kurs i høve demensvenleg samfunn, samt innkjøp av jakker med logo til bruk når teamet er ute på oppdrag.

Går innsparingane i kommunen ut over mattilbodet til dei eldre?

Kommunalsjefen svara ut at det ikkje er nokon innsparing på mat til dei eldre i kommunen, og legg til grunn at budsjettet er heilt likt som før. Det er gjort ei innsparing i årsverk på 30% på kjøkkenet på grunn av at ein har pausa 17 langtidsplassar og dermed lagar mindre mat enn før. Kommunalsjefen orienterte om at det vil alltid vere noko misnøye knytt til maten, anten det skulle dreie seg om mengd, variasjon, type pålegg og andre ønsker, men legg til grunn at vi har eit godt mattilbod for våre tenestemottakarar. Kommunen har dagsfersk mat i Vanylven kvar dag for våre brukarar.

Ønskekost til terminalpasientar.

Spørsmål om det vert gjeve ønskekost til terminalpasientar? Lundås svara at vanlegvis er det slik at terminalpasientar har lågt matinntak og at ein så lagt det let seg gjere imøtekjem ønskekost og berika kost i enkelttilfelle. Det vert lagt til grunn at det truleg vil vere tilfelle der dette ikkje let seg gjere, til dømes om ønskekosten ikkje er ein del av repertoaret til kjøkenet. Kommunalsjefen takkar for tilbakemeldingar i høve mat til brukarane og legg til grunn at ein ynskjer å imøtekomme ønskekost i større grad. I denne samanheng kom det innspel frå eldrerådet om at det er viktig med godt samarbeid med pårørande i dei tilfelle dette er mogeleg.